

Ordning for vigsling til teneste

1. Vigsling til teneste følgjer Ordning for Hovudgudsteneste til og med ledd 7 | **Lovsong GLORIA**. Ledd 7 | **Lovsong GLORIA** vert helst sunge i fullstendig form.
2. Eit stjerneteikn (*) er sett til ledd der kyrkjelyden som hovudregel står.
3. Når det er ringt saman, går prosesjonen inn i kyrkja under preludiet. Til prosesjonen kan det ringjast med alle klokkene eller det kan kimast.
4. Biskopen leier vigslingsgudstenesta frå starten av.
5. Til inngang i gudstenesta nyttar ein opningsorda som tek til med "I namnet åt Faderen og Sonen ..."
6. Det er i ordninga foreslått at epiklesesalmen vert delt i to og sunge som ledd 10 | **Epiklesesalme I** og ledd 12 | **Epiklesesalme II**. Ein kan dele salmen slik at ein syng nokre vers mellom kvar tekstlesing. Det er òg mogleg å synge éin epiklesesalme i kvart av dei to ledda.

N13 512 "Kom, Ande med di skaparmakt" og 224 «Kom, Heilag Ande, Kristi tolk» er foreslått i ordninga. Ein kan og velje ein annan epiklesesalme som til dømes N13 515 "Ånd over ånder, kom ned fra det høye".
7. Dersom ein vigslar til fleire tenester i same vigslingsgudsteneste, gjer ein i ledd 11 | **Skriftlesing** eit utval av dei tekstane som er særskilde for tenestene. Normalt les ein ikkje meir enn fem tekstar.
8. Etter ledd 17 | **Påminning om ansvaret kyrkjelyden har**, held vigslingsgudstenesta fram etter ordning for hovudgudstenesta frå og med ledd 12 | **Evangelium**.
9. Ledd 14 | **Truvedkjeninga CREDO** kan utelatast, slik som ved dåp i hovudgudstenesta. Om ledd 14 ikkje blir utelate, brukar ein Nicenum.
10. Som forbøn i ledd 18 | **Forbøn for kyrkja og verda** kan ein bruke Fredslitaniet (N13 982).
11. Det vert feira nattverd i vigslingsgudstenesta.
12. Ledda 26 | **Utsending** og 27 | **Postludium/Utgangsprosesjon** får den forma som står i Ordning for vigsling til teneste.
13. Før handlinga tek til, legg ein stolaen(e) til vigslingskandidaten(ane) lett tilgjengeleg nær altarringen.

I. Samling

1 | Førebuing

Klokkeringing

Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg

Kort stille stund

Tre klokkeslag

2 | *Inngangssalme

Inngangsprosesjon

3 | *Helsing

4 | Syndsvedkjenning

Plasseringa av syndsvedkjenninga følger kyrkjelyden si lokale grunnordning.

5 | Bønerop KYRIE

6 | Lovsong GLORIA

Leddene vert helst sunge i fullstendig form.

II. Vigsling

7 | Bøn til innleiing

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss alle be.

B vend mot altaret | Evige Gud,
du har gjeve kyrkja apostlar, profetar, evangelistar, hyrdingar og lærarar
slik at dei heilage kan bli utrusta til teneste og Kristi kropp vert bygd opp.
Vi bed deg om at du ved din Heilage Ande vil
opplysa og rettleia, trøysta og styrkja ____ som i dag vert vigsla til teneste i kyrkja.
Gjer alle tenarar av ditt ord til tru hushaldarar over din nåde
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.

K | Amen.

8 | *Truvedkjenning Credo

B vend mot kyrkjelyden | I dag får kyrkja ein ny medarbeidar. (Namnet vert nemnt) er kalla til teneste som *prest/diakon/kateket/kantor* i/ved (*tenestestaden vert nemnt*).

I dåpen vart vi sameina med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus, og alle døypte er kalla til å forkynna Guds storverk. Lat oss saman vedkjenna trua, som lydde ved vår dåp:

Apostolicum

9 | Framstilling

Leiaren i soknerådet, eventuelt ein av kyrkja sine prestar eller prosten, ved lesepulten. Vigslingskandidaten(ane) reiser seg når namnet vert nemnt.

ML | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far og Herren Jesus Kristus. Saman er vi kalla til eit liv i tru og teneste. Som kyrkje er vi Kristi kropp og forkynner evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling.

PRESTETENESTA

Til det kall og dei nådegåver Gud har gjeve si kyrkje, høyrer *tenesta med å forkynna evangeliet og forvalta sakramenta*. Denne særskilde tenesta er innstifta for at vi skal koma til tru og leva i nåden i Jesus Kristus.

DIAKONTENESTA

Til det kall og dei nådegåver Gud har gjeve si kyrkje, høyrer *omsorgstenesta*. Ved denne tenesta vert Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte synleg mellom oss.

KATEKETTENESTA

Til det kall og dei nådegåver Gud har gjeve si kyrkje, høyrer *tenesta med å undervisa i den kristne trua, så vi kan veksa i trua og stå grunnfeste i kjærleiken*.

KANTORTENESTA

Til det kall og dei nådegåver Gud har gjeve si kyrkje, høyrer *tenesta med å leia kyrkjelyden si lovprising, så Guds namn vert opphøgd og Guds herlegdom fyller jorda*.

I dag vil vi på apostolisk vis med handspålegging og bøn, vigsla (Namnet vert nemnt) til tenesta som *prest/diakon/kateket/kantor*.

Vigslingskandidaten(ane) set seg.

10 | Epiklesesalme I

Tekstlesarar, biskop og vigslingskandidatane finn plassane sine ved lesepulten/i koret.

Om ein vel ein salme med fleire vers, kan ein synge nokre vers mellom tekstlesingane og/eller som ledd
12 Epiklesesalme II.

Anten A

B vend mot altaret | Send ut din Ande, Herre, så du skaper deg tenarar.

Kyrkjelyden syng heile eller deler av salmen.

- 1. Kom, Ande med di skaparmakt,
og reis det synd har øydelagt,
og fred og fryd i nåde giv
kvart hjarta du har vakt til liv!**
- 2. Kom du, den sanne trøystarmann,
du gåve frå Guds eiga hand,
du livsens brunn og kjærleiks vell,
du salve mild og himmeleld!**
- 3. Du sjufelt rike gåver ber,
du krafta av Guds høgre er
og tyder grant hans lovnadsord
på modersmålet rundt om jord!**
- 4. Kveik ljuset ditt i vår forstand
og i vårt hjarta kjærleiks brann,
til vanmakt vår og vesaldom
med heilag hjartestyrking kom!**

Eller B

B vend mot altaret | Kom, Heilag Ande, Kristi tolk,

**M | fyll hjarta hjå ditt kristenfolk!
Lat oss din eld i hugen få,
så vi av kjærleik brenne må!
Dei skilde tunger einar du,
og samlar i din same tru
all verdens mange folkeslag.
Dei syng di ære natt og dag.
Halleluja, halleluja!**

Eller C

Ein annan epikletisk salme f.eks. N13 515 “Ånd over ånder, kom ned fra det høye”

11 | Skriftlesing

Tekstane vert lesne frå lesepulten.
Kyrkjelyden sit under lesingane.

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tenesta:

Første lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus steig fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

PRESTETENESTA

Andre lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa [Jesus] til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne.» **JOH 20,19B-23**

Tredje lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

Fjerde lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Peters fyrste brev:

Dei eldste mellom dykk legg eg dette på hjartet, eg som sjølv er ein eldste og eit vitne om Kristi lidingar og har del i den herlegdomen som skal openberrast: Ver hyrdingar for den Guds flokk som er hos dykk! Ha tilsyn med flokken, ikkje av tvang, men av fri vilje, så som Gud vil, ikkje for vinning skuld, men av hjartet. Gjer dykk ikkje til herrar over dei som Gud har gjeve dykk ansvar for,

men ver eit føredøme for flokken. Og når den høgste hyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege sigerskransen. **1 PETER 5,1-4**

DIAKONTENESTA

Andre lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus sa: «Så skal kongen seia til dei på høgre sida: ‘Kom hit, de som er velsigna av Far min, og ta i arv det riket som er gjort i stand til dykk frå verda vart grunnlagd. For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg.’ Då skal dei rettferdige svara: ‘Herre, når såg vi deg svolten og gav deg mat, eller tørst og gav deg drikke? Når såg vi deg framand og tok imot deg, eller naken og kledde deg? Og når såg vi deg sjuk eller i fengsel og vitja deg?’ Men kongen skal svara dei: ‘Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.’» **MATT 25,34-40**

Tredje lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

Fjerde lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

Eg kallar dykk ikkje slavar lenger, for slaven veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre! **JOH 15,1-5,15-17**

KATEKETTENESTA

Andre lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til Timoteus:

Men Hald fast på det du har lært og er overtydd om; du veit kven du har lært det av. Og heilt frå du var eit lite barn, har du kjent dei heilage skriftene, som kan gje deg visdom til frelse ved trua på Kristus Jesus. Kvart skrift er innanda av Gud og til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd, så det mennesket som høyrer Gud til, kan bli fullt utrusta til all god gjerning. **2 TIM 3,14-17**

Tredje lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

Fjerde lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma! **KOL 2:6-7**

KANTORTENESTA

Andre lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta! Og alt de gjer, i ord og gjerning, skal de gjera i Herren Jesu namn og ved han takka Gud, vår Far. **KOL 3,16-17**

Tredje lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Brevet til hebrearane:

Her på jorda har vi ingen by som varer; vi lengtar etter den som skal koma. Lat oss då ved han alltid bera fram for Gud vår lovprising som offer, det vil seia frukta av lepper som vedkjenner hans namn. Men gløym ikkje å gjera godt og dela med andre. For slike offer er til glede for Gud.. **HEBR 13,14-16**

Fjerde lesing

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Salmane:

Halleluja! Det er godt å spela for vår Gud,
det er herleg, det er rett å syngja lovsong.
Herren byggjer Jerusalem
og samlar Israels spreidde folk.
Han lækjer dei som har eit sundbrote hjarte,
og bind om såra deira.

Han veit kor mange stjernene er,
og gjev alle namn.
Vår Herre er stor og rik på kraft,
hans forstand er utan grenser.
Herren held dei hjelpelause oppe,
men bøyer dei urettferdige til jorda.

Syng lovsong for Herren,
spel på lyre for vår Gud. **SALME 147,1-7**

12 | Epiklesesalme II

Medan kyrkjelyden syng set tekstlesarane seg.
Her kan ein syngje vidare på Epiklesesalme I eller syngje ein annan epiklesesalme.

- 5. Vår sjelefiend frå oss driv,
og lys din fred om alt vårt liv,
og ver vår førar og vår vakt
i all vår strid mot mørkheims makt!**
- 6. Lys opp for oss, så klårt vi må
Gud Fader og Guds Son få sjå,
og deg som frå dei bære er,
i hjartans tru få evig kjær!**
- 7. Ver lova, Gud, vår Fader god,
Guds Son som opp frå døde stod,
og Trøystaren, Guds Ande blid,
høglova ver til evig tid!**

13 | Vigslingstale

Biskopen held ein kort tale over ein høveleg tekst.
Etter talen går vigslingsskandidaten fram og stiller seg framfor altarringen. Forbedarane reiser seg.

14 | Formaning og lovnad

B vend mot vigslingskandidaten | Du har høyrte Guds ord om tenesta, kva ho krev, og kva ho gjev, kor rik ho er og kor naudsynt for Guds kyrkje på jorda.

PRESTETENESTA

B vend mot vigslingskandidaten | Når Herren no tiltrur deg prestetenesta i vår kyrkje, pålegg og formanar eg deg

- at du forkynner evangeliet klårt og reint, som det er oss gjeve i Den heilage skrifta, og som vår kyrkje vitnar om i vedkjenninga si.
- at du forvaltar dei heilage sakramenta etter den skipnad Kristus sette, og den ordning vår kyrkje har
- at du i sjelesorg og skriftemål viser omsorg for kvart einskilt menneske og ber for dei
- at du rettleier og oppmodar til tru på Kristus og eit liv i kjærleik til Gud og nesten
- at du sjølv òg av hjarta legg vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupar deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua.

DIAKONTENESTA

B vend mot vigslingskandidaten | Når Herren no tiltrur deg diakontenesta i vår kyrkje, pålegg og formanar eg deg

- at du forkynner evangeliet, som det er oss gjeve i Den heilage skrifta, og som vår kyrkje vitnar om i vedkjenninga si
- at du formidlar Guds kjærleik i ord og handling
- at du i samtale og sjelesorg møter kvart einskilt menneske med omsorg og ber for dei
- at du viser omsorg for skaparverket og nesten din, inviterer menneske til fellesskap og kjempar for rettferd
- at du sjølv òg av hjarta legg vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupar deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua.

KATEKETTENESTA

B vend mot vigslingskandidaten | Når Herren no tiltrur deg katekettenesta i vår kyrkje, pålegg og formanar eg deg

- at du forkynner evangeliet, som det er oss gjeve i Den heilage skrifta, og som vår kyrkje vitnar om i vedkjenninga si.
- at du lærer og underviser i den kristne trua
- at du ber for og rettleier kyrkjelyden og alle søkjande, så dei kan læra Gud å kjenna og leva og veksa i tru, von og kjærleik

- at du sjølv òg av hjarta legg vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupar deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua.

KANTORTENESTA

B vend mot vigslingskandidaten | Når Herren no tiltrur deg kantortenesta i vår kyrkje, pålegg og formanar eg deg

- at du gjennom musikken let evangeliet lyda, som det er oss gjeve i Den heilage skrifta, og som vår kyrkje vitnar om i vedkjenninga si.
- at du leier songen og lovprisinga i kyrkjelyden til ære for Gud og til beste for kyrkjelyden
- at du sjølv òg av hjarta legg vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupar deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua.

B vend mot vigslingskandidaten | **NN**, lovar du for Guds åsyn og framfor denne kyrkjelyden at du vil gjera dette med truskap, ved den nåde Gud sjølv vil gje deg?

Vigslingskandidaten | Ja

B | Så gjev meg handa på det.

Vigslingskandidaten stadfester lovnaden ved å ta biskopen i handa.

15 | Handspålegging og bøn

B | Når vi no legg hendene på *deg/dykk* og bed, vil vi på apostolisk vis overgje deg/dykk til Gud og be om at Den heilage ande må helga og utrusta *deg/dykk* til tenesta.

Vigslingskandidaten(ane) kneler.

Når det er éin vigslingskandidat, legg biskopen og forbedarane handa på hovudet eller skuldrene til vigslingskandidaten.

Når det er fleire vigslingskandidatar, legg biskopen handa på hovudet til vigslingskandidaten når namnet vert nemnt fyrste gong. Etter at kyrkjelyden har sagt «Amen» flyttar biskopen handa til den neste vigslingskandidaten sitt hovud og tek oppatt vigslingsbøna frå og med «Vi takkar for NN ...».

Vigslingsbøn

B | Gud, du skaper og held oppe alt liv. Gjennom di kyrkje kallar du til alle tider tenarar for evangeliet, slik at menneske kan kome til tru, kyrkja verta fornya og skapinga gjenoppretta.

Vi takkar for **NN** som i dag vert vigsla til

prestetenesta/diakontenesta/katekettenesta/kantortenesta, og for dei gåvene du har gitt ____.

Vi bed deg: Send din Ande med kraft, kjærleik og visdom.
Gjev styrke i trua, og frimod og glede i tenesta.

Ver med ___ i motgang og prøvingar.

Evige Gud, du som verkar i vår veikskap,
lat **NN** leva i krafta frå Jesu Kristi oppstode.

K | Amen

Fadervår

Bønesalme

Biskopen og forbedarane kneler, og bøna vert avslutta med at kyrkjelyden syng ein bønesalme.
Sjå rettleiinga for dømme på andre bønesalmar.

Deretter reiser biskopen seg, like eins den/dei vigsla og forbedarane.

16 | Kunngjering

B vend mot den/dei som er vigsla | Så kunngjer eg at *du/de* i dag er rett kalla og vigsla til tenesta som *prest/diakon/kateket/kantor* i vår kyrkje. Gud velsigne *di/dykkar* teneste +

Stolaen vert lagd på skuldrene til den/dei vigsla.

Den/dei vigsla og forbedarane, går til plassane sine.

17 | Påminning om ansvaret kyrkjelyden har

B vend mot kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd.

De har no høyrte Guds ord om tenesta,
og [**namnet vert nemnt**] har lova å gå inn i tenesta som *prest/diakon/kateket/kantor*.

Saman har vi bede om velsigning over gjerninga ___ går til.

Lat oss ta imot ___ i kjærleik,
framleis bera ___ fram for Gud i bønene våre
og stå saman med ___ i forsoningstenesta.

Vigslingsgudstenesta held fram etter Ordning for Hovudgudsteneste frå og med ledd 12 | **Evangelium**.

Ledda 26 | **Utsending** og 27 | **Postludium/Utgangsprosesjon** får denne forma:

26 | *Utsending

B vend mot kyrkjelyden | Kristus seier: De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. **JOH 15,16**

27 | *Postludium/Utgangsprosesjon

Under postludiet går prosesjonen ut av kyrkja.